

Vinje kommune
ved Anne Sofie Bergene Strømme

Til søknad frå Statkraft 26.2.2020 om mellombels avvik frå minstevassføring i Kjelaåi

Eg viser til e-post 13.3.2020. Som rådgjevar for Tokke og Vinje kommunar i revisjonssaka for Tokke-Vinje reguleringa og som vassområdekoordinator er eg kjent med utbyggingsplanane for Vesle Kjela kraftverk, som fekk konsesjon i 2012. Me ville helst hatt konsesjonssaka utsett slik at ho kunne ha blitt sett i samanheng med vilkårsrevisjonen, men der nådde me ikkje fram. I retningslinjer frå NVE er det oppmoda om å vurdere moglege opprustings- og utvidingstiltak i samband med revisjonssaka. Det fekk me ikkje til her.

Inntaket til Kjela kraftverk er plassert ca 1 km nedanfor Kjelavatnet, og på den strekninga er det i dag ikkje noko minstevassføring. Nedanfor inntaket er det pålagt minstevassføring 0,75 m³/s om sommaren og 0,3 m³/s om vinteren. Men sidan det her er lite naturleg tilsig blir minstevassføringa slept frå Kjelavatn. Dei miljømessige konsekvensane av Vesle Kjela kraftverk er utgreidd av Multiconsult (Glover mfl. rapport 2007:20). I utgreiinga er det lagt vekt på konsekvensar for villrein, som har ei trekkroute gjennom området. Av utgreiinga gjeng det også fram at Vesle Kjelavatn er svært attraktivt for sportsfiske. Det ligg lett tilgjengeleg frå E 134 og det er mange hytter i nærleiken. Prøvefiske utført i 2006 viste at vatnet hadde ein tett bestand av småfallen aure, men av brukbar kvalitet. Her er også ørekyte. Statskog og Haukeli JFF sel fiskekort.

Utbygginga av Vesle Kjela kraftverk skal etter planen skje i 2020 og 2021, og i samband med dette søker Statkraft om å gå vekk i frå slepp av minstevassføring i veke 16 – 18 og i veke 21 – 23 2020. Tiltaket får fyrst og fremst verknad for strekninga mellom Vesle Kjelavatn og inntaksdammen til Kjela kraftverk. Denne strekninga er bratt og elva har her kraftige stryk. Denne delen av Kjelaåi synes derfor å vera mindre attraktiv for sportsfiske. Strekninga frå inntaksdammen til Kjela kraftverk over Finnvollen til Løyningsvatn er derimot meir attraktiv for sportsfiske. Men her er det under snøsmeltinga, vanlegvis i veke 21 – 23, venta større lokalt tilsig som delvis kan kompensere for tap av minstevassføring.

I søknaden blir det halde fram at botndyrfaunaen truleg vil ta seg opp att ganske raskt etter ei tørrlegging. I Faun Naturforvaltning gjer me årleg undersøkingar av fisk og botndyr i mange vassdrag. Nokre av undersøkingane gjeng over fleire år, og her kan det vera alvorlege tørkeperiodar imellom, som i 2018 da mange gytebekkar var tørrlagde. Ut i frå dei erfaringane me har meiner eg botndyrfaunaen kan ta seg opp att relativt raskt, som også Statkraft held fram i søknaden sin. Det same gjeld fisk.

Når det nå er gitt konsesjon til bygging av kraftverket er eg derfor lite betenkt med omsyn til søknaden frå Statkraft. Da trur eg det er verre med massedeponiet og knusing og uttak av masse derifrå. Ein aktivitet som kan kome til å vare i fleire år etter at kraftverket er bygd. Men det er noko ein kan regulere gjennom anna lovverk.

Helge Kiland